


Striden mellom EU og Polen handlar om rettsstaten, ikkje om overstyring av Polens nasjonal grunnlov.

Streecks EU-konspirasjon

KRONIKK | **Eirik Holmøyvik**, professor ved Det juridiske fakultet ved UiB, medlem av Venezia-kommisjonen, **Terje Einarsen**, professor ved Det juridiske fakultet ved UiB, styreleder i ICJ-Norge og **Malgorzata A. Cyndecka**, førsteamanuensis ved Det juridiske fakultet ved UiB, leder for utvalget for EU/EØS-rett i ICJ-Norge | 



FANTE-STREECKEN: Den tyske sosiologen Wolfgang Streeck, her hos Nupi i 2018, har misforstått konflikta mellom EU og Polen, skriv forfattarane. FOTO: TOM HENNING BRATLIE

Klassekampen trykte 23. november ein lengre tekst av den tyske sosiologen Wolfgang Streeck om konflikten mellom EU og medlemsstatane Polen og Ungarn. Denne konspiratoriske teksten er eit førebels lågpunkt i norsk presses dekning av domstolsreformene i Polen.

At Streeck er skeptisk til EU og alt EU driv med, er naturlegvis ein legitimt. At Streeck framstiller saka som ein konflikt mellom eit udemokratisk EU og to demokratisk valde regjeringar i Polen og Ungarn

med brei støtte i folket, er direkte feil. Streeck skriv: «Spørsmålet gjelder i hvilken grad en «europaisk» lov – vedtatt av nasjonale ledere samlet på bakrommet til Europarådet og etter hemmelige overlegninger i EU-domstolen (CJEU) – kan stå over de nasjonale lovene som er vedtatt av EUs demokratiske medlemsland?»

Dette er, med respekt å melde, sludder og vås. Striden handlar ikkje om at EU vil påtvinge to medlemsstatar europeisk lov på tvers av nasjonal grunnlov og lov. Striden handlar om i kva grad Polen oppfyller eit felleseuropeisk krav om uavhengige domstolar og dommarar. Her er det ingen motstrid mellom EU-retten og nasjonal rett. Prinsippet om uavhengige domstolar og dommarar er ein grunnleggjande føresetnad for rettsstaten og for maktfordelinga i ein demokratisk stat. Dette prinsippet har vore anerkjent sidan opplysningstida og er slått fast i alle europeiske grunnlover så vel som i artikkel 6 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen. Den polske grunnlova garanterer uavhengige domstolar og dommarar i artikkel 45, 173, 178 og 195. Når EU og andre europeiske aktørar kritiserer domstolsreformene i Polen, er det ikkje på grunnlag av eit særskilt påfunn frå EU-domstolen, men på grunnlag av eit prinsipp som gjeld for og i alle europeiske statar. Dei brota på EU-traktatane som EU-domstolen har funne i ein serie dommar dei siste åra, er også slått fast av polske domstolar som brot på den polske grunnlova.

Alt i 2016 konkluderte den polske grunnlovsdomstolen i to dommar at fleire utnemningar av dommarar til grunnlovsdomstolen var grunnlovsstridige. Dommane slo også fast at viktige delar av regjeringas reform av grunnlovsdomstolen var grunnlovsstridig. Regjeringa nekta å anerkjenne dommane, noko som i seg sjølv er eit brot på den polske grunnlova. Seinare har regjeringa utnemnt lojale dommarar til grunnlovsdomstolen, som no godkjenner alt regjeringa gjer. Dette illustrerer nettopp kvifor uavhengige domstolar og dommarar er eit grunnleggjande rettsstatleg prinsipp: Retten skal

ikkje vere politisk, men bindande og lik for alle.

«Det som skjer i Polen no, er i røynda eit statskupp i sakte film.»

I ein dom avsagt 5. desember 2019 kom arbeids- og trygdekammeret i den polske høgsteretten til at regjeringas domstolsreform i 2017 hadde politisert det polske domstolsrådet som utnemner dommarar. Dette var eit brot på maktfordelingsprinsippet i den polske grunnlova. Følgjeleg er dommarar utnemnt sidan den gongen ulovlege. Det same gjeld det såkalla Disiplinærkammeret, som vart oppretta i 2017, og fylt med regjeringslojale dommarar. Den 23. januar 2020 vedtok tre av kammera i polsk høgsterett ein resolusjon om at dei nemnte domstolsreformene var grunnlovsstridige. Til same konklusjon kom den øvste forvaltningsdomstolen i Polen i fem dommar avsagt 6. mai 2021.

Med andre ord har altså dei lovlege polske domstolane sjølve slått fast at viktige sider ved den polske regjeringas domstolsreformer sidan 2016 er i strid med den polske grunnlova. Heile teksten til Streeck byggjer såleis på ein konstruert konflikt mellom EU-retten og polsk rett som ikkje har rot i den verkelege verda. Difor er teksten til Streeck også konspiratorisk. Alle som les dette, burde merke seg at det langt ifrå berre er EU som kritiserer domstolsreformene i Polen. Den europeiske menneskerettsdomstolen, som er eit organ under Europarådet, har det siste året avsagt tre dommar mot Polen som underkjenner både den polske regjeringas utnemning av dommarar til konstitusjonsdomstolen i 2016 og reformene av ordninga for dommarutnemningar og Disiplinærkammeret i 2017. I desse dommane røysta den polske dommaren med fleirtalet om at reformene var i strid med den grunnleggjande retten til ein rettvis rettgang for ein uavhengig, upartisk og lovleg utnemnt domstol.

Veneziakommisjonen, som er eit uavhengig ekspertorgan under Europarådet, har i fleire rapportar sidan 2016 konkludert med det same. I 2018 konkluderte også FNs spesialrapportør om at domstolsreformene i Polen i praksis hadde underlagt domstolane politisk styring.

At kravet til uavhengige domstolar og dommarar er felleseuropeisk, betyr ikkje at det er ei overnasjonal tvangstrøye. Her som elles har statane vidt handlingsrom. Det polske domstolssystemet er ulikt det norske, det tyske, det spanske og så bortetter. Kravet om uavhengige domstolar og dommarar er eit minimumskrav både etter europeisk og nasjonal rett. Polske domstolar oppfyller ikkje lenger dette minimumskravet. Det er dette polsk høgsterett, EU, Europarådet og FN peiker på.

Mange journalistar, kommentatorar og politikarar ser ut til ikkje å forstå at domstolane er ei statsmakt på lik line med parlamentet og regjeringa. Lover som underkastar domstolane og dommarane politisk styring, er grunnlovsstridige både i Polen, Noreg og i andre land. Slike lover bryt med kjernen i det maktfordelingsprinsippet som alle demokratiske rettsstatar byggjer på. Det som skjer i Polen no, er i røynda eit statskupp i sakte film. Det er påfallande kor mange som lukkar auga for dette enkle faktumet, blenda av ein generell skepsis mot EU.

Del artikkelen